



NYE VOSS 2020

NR. 2, Oktober 2017. Informasjon frå tillitsvalde.

INFORMASJON

Informasjon til tilsette vil vera viktig framover. Før ebels kan du finne informasjon her:

- På Facebook: [Nye Voss kommune](#)
- Ny heimeside for den nye kommunen: [Heimeside til Voss herad](#)
- Informasjon på arbeidsplassane og gjennom fagforeiningane



FELLESNEMD SAMLA 25. AUGUST 2017

SISTE NYTT FRÅ PSU/FELLESNEMD

Prosjektet er i ferd med å få på plass viktige grupper og stillingar, dette vil gi meir framdrift i samanslåingsprosjektet. Etter kvart vil personar frå ulike arbeidsplassar i kommunane bli trekt meir inn arbeidet.

Neste møte i PSU og fellesnemd blir fredag 17.november. Saklista blir lagt ut på heimesida til den [Nye Voss 2020](#).

TILSETTINGAR I PROSJEKTET

Eldbjørg Lie Jørgensen er tilsett som **prosjektmedarbeidar** i 50% stilling. Ho skal ha kontor i Granvin 3 dagar i veka, men det vil også verte mykje møteverksemd på Voss for Eldbjørg. Ho skal blant anna koordinere dei administrative prosessane for rådmennene, og prosjektleiaren når denne vert tilsett. Eldbjørg har jobba i Voss kommune i 12 år, siste tida som konsulent i stab for helse og omsorg. Ho har sidan 2007 hatt ansvar for datasystemet Gatsoft, og det ansvaret vil ho fortsetje å ha.

Reidar Meel er tilsett i ein prosjektstilling som **kommuneplankoordinator frå 1.november**. Han skal ha kontor på Voss, og får jobben med å starte opp felles kommuneplanlegging som kan sikre at overgangen til ein ny kommune blir samordna, effektiv og framtidsretta. Reidar kjem frå stilling som assisterande rådmann i Ulvik herad, der han også er busett.

Det er gjort ein avtale med rekrutteringsbyrået Mercuri Urval som skal lyse ut stillinga som **prosjektleiar**. Prosjektleiaren vert frå 2020 ny rådmann i Voss herad. Rådmann på Voss, Einar Hauge sluttar ved overgang til ny kommune, medan rådmann i Granvin Trude Letnes blir med inn i Voss herad. Men hennar stilling i den nye kommunen er ikkje avklart.

Framdriftsplan for tilsetting av prosjektleiar/ ny rådmann:

10.november: Intervju med aktuelle søkjarar.

28.november: Fellesnemda blir presentert for aktuelle søkjarar.

Innan 15.desember: Ny prosjektleiar tilsett, dersom ein fin den rette.

Mars 2018: Prosjektleiar på plass?

ARBEIDSGRUPPER

Det er etablert 7 arbeidsgrupper der administrasjon og tillitsvalde er representert. Dei hovudtillitsvalde i Voss og Granvin har i fellesmøte utpeika representantar til dei ulike gruppene. Mandata til arbeidsgruppene var vedtekne i fellesnemnda 29. september. Leiar og representantar for hovudgruppene er bestemt, og kvar gruppe har undergrupper der tilsette, tillitsvalde og administrasjon skal delta. Mandata finn du [her](#). Me vil kome tilbake med meir informasjon om arbeidet i arbeidsgruppene.

REPRESENTASJON FOR DEI TILSETTE I GRANVIN OG PÅ VOSS

Rune Magnar Røthe- HTV- Utdanningsforbundet Granvin (Møter i PSU og fellesnemnd, sit i hovedgruppe for oppvekst) tlf: 95043836

Mari Mæland- HTV- Fagforbundet Granvin (Møter i PSU og vara fellesnemnd, sit i hovedgruppe for personal) tlf: 41315839

Asbjørn Nilsen- HTV- Fagforbundet Voss (møter i PSU og fellesnemnd, sit i hovedgruppe for personal) tlf. 91695751

Anne Berit Himle- HTV- Sjukepleiarforbundet Voss (møter i PSU, sit i hovedgruppe for helse og omsorg) tlf. 97721276

ØVRIGE REPRESENTANTAR I ARBEIDSGRUPPENE:

Anders Gjeraker – HTV Utdanningsforbundet Voss (Sit i hovedgruppe for personal) tlf. 97657024

Olaug Kyte- HTV Fagforbundet Voss (Sit i hovudgruppe for oppvekst) tlf. 91874221

Jenny Sofie Eidnes Kjerland – HTV Norsk sykepleierforbund Granvin (Sit i hovedgruppe for helse og omsorg) tlf. 91638821

Karin Ware – HTV Delta Granvin (Sit i hovedgruppe for teknisk) tlf 40403868

Arvid Tore Sandnes – HTV Econa/Akademikerne (Sit i hovedgruppe økonomi)

Arvid Birkeland- Delta Voss (sit i hovudgruppe arkiv/IT)

Jonas Vedde Ødegård – HTV Delta Voss (Sit i hovedgruppe for Kultur)

Randi Eikanger Kalsaas- HVO- Granvin (møter PSU) tlf. 92263300

Trude Kvarekval Lydvo- HVO- Voss (møter i PSU) tlf. 40826622

TIPS

Følg med på dei nye nettsidene vossherad.no der all ny informasjon vil verte lagt ut. Les [intensjonsavtalen](#) for kommunesamanslåinga mellom Voss og Granvin (ligg på nettsida til Nye Voss). Denne er eit viktig grunnlag for det vidare arbeidet.

INNSPEL

Har du innspel og tankar som bør koma med i prosessen? Ta kontakt med tillitsvalde på din arbeidsplass eller direkte til ein/ei i lista over.

VIKTIG!

Dersom du har personlege særavtalar med arbeidsgjevar (skriftleg eller munnleg) så må den leggjast fram til personalkontoret i din kommune. Alle særavtalar skal vurderast før me blir ny kommune i 2020.